



Masfjorden kommune

Tilleggsinnkalling

av

Kommunestyret

Møtedato: 30.04.2015
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 11:45

Formannskapet kl. 09.00
Valstyret kl. 11.00
Kommunestyret kl. 11.45

Kl. 13 kjem Museumsdirektør Stig Stark-Johansen i Museum Vest for å vera til stades på møtet og presentera rapporten om Bjørn West-museet.

Ca. Kl. 14 vil Trygve Stensland vil vera til stades på kommunestyremøtet 30. april og informera om kva som er PPT sine oppgåver.

Eventuelle forfall må meldast til Maud Sleire Holmaas per tlf. 56166216, sms til 91572395 eller per epost til maud.sleire.holmaas@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

036/2015 Årsrekneskap 2014 for Masfjorden kommune

037/2015 Samordna syskenmoderasjon barnehage/SFO

22. mai 2015

Karstein Totland, ordførar
møteleiar

Maud Sleire Holmaas
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kristian Moen	FE - 210	14/764

Saknr	Utval	Type	Dato
	Formannskapet	PS	
036/2015	Kommunestyret	PS	30.04.2015

Årsrekneskap 2014 for Masfjorden kommune

Vedlegg:

REKNESKAPEN 2014 Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsrekneskapen 2014 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre, med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 1 279 840,37.

Rekneskapsmessig mindre forbruk vert disponert slik : a) kr 1 054 840,37 vert sett av til disposisjonsfondet, kto. 2.5600.102, og nyttast til å dekke amortiseringsavvik med bakgrunn i inntektsført premieavvik i 2014. Beløpet vert inntektsført med 1/7 årleg frå og med rekneskapen for 2015. b) kr 225 000 vert nytta til velferdstiltak, kr 1 000 pr tilsett.

Saksopplysningar:

Vurdering

Driftsrekneskapen for 2014 viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 1 279 840,37. Dette er ein nedgang frå dei siste åra.

Investeringsrekneskapen for 2014 viser eit udekket finansieringsbehov på kr 208 673. Dette gjeld differanse mellom avdragsutgifter til Husbanken, startlån, og motteke avdrag på vidareutlån. Det er i investeringsrekneskapen nytta kr 1 122 000 til å dekke tidlegare års udekket finansieringsbehov. Samla har kommunen akkumulerte udekket investeringskostnader på kr 3 232 862.

Viser til vedlagte rekneskap med notar og analyse for 2014 for ytterlegare kommentarar på resultat.

Det er frå ulike avdelingar i kommunen kome ønskje om overføring av unytta midlar frå 2014 til bruk i seinare år. Dette har vore praksis tidlegare, men administrasjonen finn ikkje rom for overføring av unytta midlar ved disponering av rekneskapsresultat for 2014. Ingen av søknadane om overføring av unytta midlar er teken opp til handsaming eller vurdering.

Kommunane handsama og godkjente i løpet av hausten 2014 selskapsavtale for Region Nordhordland Helsehus IKS (RNHI), for Masfjorden sin del i Kommunestyremøte 30.10.14, sak 61/14, og avtalen vart underskriven i stiftingsmøtet for selskapet 12. desember 2014. Selskapsavtalen §7-4 seier at høgste ramme for selskapet sitt samla låneopptak er 300

millionar kroner. Eigarane betalar ikkje inn noko innskotskapital i selskapet, men har eigar-/ansvarsdel fordelt med 20 % likt på alle kommunane og 80 % fordelt etter innbyggjartal pr. 01.01.2014.

Kommune	Fast del fordelt på alle kommunane	Fordelt ut i frå folketal	Totalt
1266 Masfjorden	2,2 %	3,1 %	5,4 %

Som medfører at Masfjorden tek på seg eit garantiansvar på 12,3 mill. kr. Garantiansvaret er teken inn i note 3 i rekneskapsheftet.

Uttale

Revisjonsmelding

Konklusjon

Administrasjonen tilrår at rekneskapen for 2014 vert godkjent slik den ligg føre og disponering av rekneskapsmessig mindreforbruk i samsvar med tilrådinga. Gjennom rekneskapsheftet og saksutgreiinga har administrasjonen vektlagt og synleggjort det vi meiner er relevant informasjon om rekneskapen for 2014.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FE - 231, FA - A10	14/1137

Saknr	Utval	Type	Dato
037/2015	Kommunestyret	PS	30.04.2015

Samordna syskenmoderasjon barnehage/SFO

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Barnehagesatsane i Masfjorden vert i tråd med rådmannen sitt framlegg i sak 80/2014 auka med 3,5 % til kr 2325 pr. måned med verknad frå 1. april 2015.
Syskenmoderasjonen vert som før, 30 % for barn nr. 2 og 50 % for 3. barn.**

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I kommunestyremøtet 19.02.2015 gjorde kommunestyret slikt vedtak: Saka vert utsett for å få ei grundigare saksutgreiing. Rådmannen har etter dette møtet vurdert saka på nytt, m.a i lys av § 3 i Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar. Der står det at foreldre skal tilbydast «minimum 30% reduksjon i foreldrebetalinga for 2. barn og minimum 50% for 3. eller fleire barn».

Vurdering

Forskrift om foreldrebetaling i barnehager seier i 1. ledd at: «Kommunen skal sørge for at foreldre/foresatte tilbys minimum 30% søskenmoderasjon i foreldrebetalingen for 2. barn og minimum 50% for 3. eller fleire barn.» Framlegget som etter møtet 19.02 er kome frå Høgre/FRP om ein moderasjon på 15, 25 og 30 % er i strid med forskrifta og kan ikkje vedtakast. Framlegget frå formannskapet 19.02 medfører store inntektstap for barnehagane. Det er antyda 135000 på årsbasis. På grunn av dette og på bakgrunn av dei økonomiske utsiktene kan ikkje rådmannen tilrå at det vert innført ei ordning med samordna syskenmoderasjon mellom barnehage og SFO.

Fakta

Konklusjon

Rådmannen vil halda fast på sitt framlegg til vedtak i sak 80/2014.